



# Årsmelding 2022


## Jotun Trekkhundgruppe



Jotun Trekkhundgruppe såg dagens lys i 2022. I Årdal er det eit stort hundemiljø, og innbygarane er generelt veldig aktive. Jotun Trekkhundgruppe ynskjer å kombinere hund med aktiv livsstil, og utnytte den fantastiske naturen i Årdal. Trekkhundgruppa har fokus på trening der ein bruker joggesko, sykkel eller ski, og både eier og hund får god trening.

## Kva er trekkhundtrening?

I trekkhundtrening trener ein barmark, nordisk eller slede. Jotun trekkhundgruppe trener i hovudsak nordisk eller barmark.



<https://www.sleddog.no/grener/nordisk/>

Nordisk stil er nemninga på de øvingane der utøvaren går på ski bak hunden. Nordisk stil er fartsfylt og spennande, med stor breidde og solid toppidrett. Alle som let hunden trekke medan ein går på ski, driv i praksis med nordisk stil, men det er også lokale konkurransar på alle nivå og meisterskap nasjonalt og internasjonalt. Nordisk stil passar for alle slags hundar, ettersom dei fleste hundar likar å vera i aktivitet, det er også en flott aktivitet for born og unge.





I konkurransesammenheng er det fleire ulike øvingar ein kan delta i:

Snørekøyring føregår med hunden i ei strikkline, med hundekøyraren gåande direkte bak på ski. Distansane er frå 5 – 15 km, og det vert køyrt med 1 eller 2 hundar. Snørekøyring er ei fartsfylt øving, som det er lett å kome i gang med!

I øvingar med pulk er hunden festa framfor pulken med eit drag, og skiløparen følgjer bak pulken festa i ei line. Distansane er frå 5 – 30 km, de fleste løp er med 1 hund, men det er også løp med 2-4 hundar. Pulkens vekt vert rekna ut frå hundens vekt. Køyring med pulk krev godt samarbeid mellom hund og køyrar, god teknikk, og ein sprek skiløpar i kombinasjon med ein godt trent trekkhund. Køyring med pulk er meir teknisk krevjande enn å snørekøyra, og krev at ein gjer ein god tilvenningsjobb med hunden sin. Til gjengjeld er det ein ekstra morosam utfordring å mestre både for hund og løpar!

I kombinert slår ein saman snørekøyring og køyring med pulk. Her startar ein med pulk, vekslar halvveges og snørekøyrer til mål. Distansen er 5 – 15 km. Ei variert, fartsfylt og spennande øving.



I tillegg til dei ordinære klassane har alle løp en turklasse eller ein miljøklasse.

Her er distansen varierande, men vanlegvis 5 – 10 km. Stort sett er det lagt opp til snørekøyring i turklassen, med moglegheit for å køyra pulk dersom ein ønskjer det. Turklassen er fin for å prøve seg sjølv og hunden i ein konkurransesituasjon med litt lågare skuldre, og mot konkurrentar som ikkje satsar mot toppidrett.

Å trene på ski med hunden, er ein fantastisk måte å trene både deg sjølv og hunden på same tid. Ein betrar både styrke og kondisjon hos begge, og får ein sterkare kontakt med sin firbeinte bestevenn. Ski på beina og eit magebelte, sele på hunden og ei strikkline som festar hunden til deg er alt som skal til for å komme i gang.



Barmarkskøyting er all hundekøyting som føregår utan snø – med løpesko, sykkel, sparkesykkel og vogn. Barmark er den største og raskast veksande greina, med løp og treningar på alle nivå. Det er stort deltakartal i breidda og sterk toppidrett. Korte distansar i morsame løyper, gjer barmark til ein kjekk aktivitet for både hund og eigar.

I barmark er distansane vanlegvis 2 – 7 km, og det er klassar for ulikt tal hundar og for dei ulike øvingane.

Løping føregår med ein hund over 2 – 5 km. I snøreløping er det ikkje nødvendigvis den største og sterkaste hunden som vinn. God løpeteknikk og god kontakt med hunden er vel så viktige eigenskapar. Snøreløping er ei grein med svært høgt nivå nasjonalt og internasjonalt, men samstundes ei grein alle kan ha glede av uansett nivå. Dei aller fleste hundar synst det er morsamt å springa.

Snøresykling er barmark si mest fartsfylte øving. Med sykkel går det fort i svingane og dei som hevdar seg er gjerne gode terrengsyklistar med svært raske hundar. De fleste hundar synst fart er morsamt, snøresykling er difor ei fin trenings – og konkurranseform for mange hundar og eigarar. Løypene føregår på grus, sti og traktorveggar over 4-7 km.

I sparkesykkel nyttar ein store sparkesyklar rekna for grus og terreng, 1 – 2 hunder og distansar frå 4 – 7 km. Sparkesykkel er tyngre enn sykkel, og mange hundar med god styrke og arbeidsevne hevdar

seg her. I treningsamanheng er det mange som opplever sparkesykkel som tryggare enn sykkel, og dette har dermed blitt ei svært populær trenings – og konkurranseform for mange.

Med vogn konkurrerer ein med 4 – 8 hundar og distansar på 4 – 7 km. Hundane blir festa framfor vognen med eit linesett, tilsvarande sledekøyring. I vognklassane krever det raske og svært styrbare hundar som samarbeider godt med køyraren og med kvarandre. Mange som konkurrerer med slede om vinteren, trenar og konkurrerer med vogn om sommaren. Dersom ein har mange hunder er trekk av vogn et veldig fint treningsverktøy.

### **Om Jotun Trekkhundgruppe**

Jotun trekkhundgruppe har eit styre, som består av følgjande personar:

Leiar	Torunn Todal Laberg
Kasserar	Stine Ohrvik
Medlem	Eline Norèn
Medlem	Brita Erica Duwe
Medlem	Håkon Haglund



Jotun Trekkhundgruppe har 2 trenarar som er utdanna frå Norges Hundekjørerforbund. Begge trenarar har gjennomført Trener 1-kurs:

Torunn Todal Laberg

Stine Ohrvik





Klubben har trening 1 dag i veka gjennom sesongane. Nordisk sesong går frå januar til april. Barmark sesong er frå april til juni, og frå september til november. Klubben har ikkje trening når temperaturen er over 10 °C, på grunn av belastninga for hundane.

Det vart gjennomført 14 treningar frå oppstarten i februar til desember 2022.


2 i nordisk og 12 på barmark.



Det er gjennomført 2 møter med IL Jotun i 2022: Innføring og HMS.

Jotun trekkhundgruppe er tilknytta Norges Hundekjørerforbund. Alle klubbane har motteke ei utstyrspakke frå Non Stop Dogwear, som kan nyttast til utlån og testing.

Det er ikkje rekneskap i gruppa enda, då me ikkje har krevd inn kontingent eller har hatt nokre utlegg enda.



Skrive av Stine Ohrvik, 28. februar 2022